

Statuttar for tilskott til skogsvegar frå Røiseths legat
Vedtekne av legatstyret 11.09.90, endring 31.01.92 (gjeld også i 2008)

Føremålet med løyvingane er at dei skal fortrinnsvis gå til veganlegg som fell utanom reglane for ordinært statstilskott til skogsvegar, då desse har relativt strenge krav til storleik, standard og hogstkvantum .

For vegar som vert bygd i samband med drift av vindfall, tømmer skadd av skred og liknande, er det likevel høve til å gje tilskott frå legatet i tillegg til statstilskott.

Tilskott frå legatet skal ikkje vera større enn eigenandelen til skogeigar.

1. Vegen skal byggjast slik at den stimulerer eit rasjonelt skogbruk/skogreising for eigaren(-ane). Den skal såleis gje minst ein av følgjande nytteffekter:
 - Framdrift av tømmer og ved, slutthogst
 - Framdrift av tynningsvirke i plantefelt.
 - Rasjonelt etterarbeid i plantefelt, så som uttak av lauvskjerm, gjødsling m.m.
 - Rydding og planting på skogreisingsmark.

Skogbruksetaten kan sette vilkår om at visse skogkulturiltak, eller eit minstekvantum med hogst, vert gjennomført.

2. Vegløyvinga skal vere den mest rasjonelle for området. Det betyr ofte at eigedommar må samarbeide om vegplanen, evt. knytte den til framtidig vegplan.
3. Det vert ikkje sett krav til minste veglengde, men samla anleggskostnad bør vere minimum kr 8 000,-¹.
4. Krav til vegstandard følgjer i hovudsak ”RETNINGSLINJER FOR BYGGING AV ENKLE TRAKTORVEIER MED TILSKUDD FRA LANDBRUKETS UTBYGGINGSFOND”², gitt av landbruksdep. 16.12.87. Skogbruksetaten kan vurdere avvik frå dette i visse høve.
5. Tilskott kan gjevast med inntil 40% av kostnaden for anlegg med ein interessent, og inntil 50% for anlegg med 2 eller fleire interessentar.
6. Søknaden skal skrivast på same søknadskjema som for vanleg statstilskot til skogsvegar (M-0009)³, og sendast skogbruksetaten i Askvoll til kunngjort søknadsfrist.
7. Det er landbruksnemnda⁴ i Askvoll som handsamar søknadane etter innstilling frå skogbruksetaten (skogsjef/skogmeister)⁵.
8. Vegen må vere ferdig godkjend innan utgangen av året etter løyvingsåret. Skogbruksetaten er godkjenningsinstans på sama måte som for ordinære skogsvegmidlar.

¹ Minimumskostnaden vil i dag ligge på om lag kr 70 000,-.

² Nytt: Normaler for landbruksvegar med byggebeskrivelse - Landbruksdepartementet 2002.

³ Nytt: SLF-902

⁴ Nytt: Kultur- og næringsutvalet

⁵ Nytt: Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler